

Referat årsmøte Trondhjems kajakklubb

3. mars 2026

Klubbhuset til TKK på Skansen

### **1.Opning av møte**

Styreleiar Chris Thomas Skogli ønska velkommen og opna møtet.

Oppmøte: 25 medlemmer.

### **2.Val av dirigent, protokollfører og protokollunderskrivarar:**

Dirigent: Frode Vassenden

Protokollfører: Aagot Opheim

To til å skriva under protokollen: Fernando Perez Fernandez og Tor Eirik Sommernes

### **3.Godkjenning av innkalling og sakliste**

Trine Marie Larsen kommenterer at det er mange bilder i sakspapira. Det gjer dokumentet tungt og vanskeleg å skriva ut.

**Årsmøtet godkjente innkalling og sakliste.**

### **4. Godkjenne forretningsorden**

**Årsmøtet godkjente forretningsorden**

### **5. Behandle styrets årsmelding og regnskapet for 2025**

Styreleiar Chris Thomas Skogli gjekk gjennom årsmeldinga og årsrekneskapen frå styret.

Arne Røyset spør om det er planar for hus som ikkje vart gjennomført i 2025, men som bør gjennomførast neste år sidan det ser slik ut frå rekneskapen.

Styreleiar svarar at styret jobbar fortsatt med å få til platting på Jonsvatnet og lydisolering på Skansen.

Trine Marie Larsen spør om kva felleskostnader for tur er. Ordet «felleskostnader» er brukt i rekneskapen om klubbturear for havgruppa.

Svaret frå styret er at det er utgifter som til dømes leige av hus der deltakarane sjølve betalar på etterskot, men klubben forskotter utgifter slik at turleiar slepp den risikoen.

Øyvind Anda la fram høgdepunkta frå 2025 og starta med padledagen på Grillstad i september, og vidare til aktiviteten til dei ulike greinene, havgruppa, elvegruppa, pologruppa, flattvannsgruppa, surfski, hus, sosialgruppa.

## **6. Kontrollutvalgets beretning**

Kontrollutvalet v/ Arne Røyset rår til at årsmeldinga og rekneskapen blir godkjent. Dei har kontrollert styrevedtak m.m. og ikkje funne feil.

**Årsmelding og rekneskap er godkjent. (sjå sakspapira)**

## **7. Behandle organisasjonsplan**

Ingen forslag til endringar

## **8. Forslag til virksamhetsplan**

Dirigent Frode Vassenden gjekk gjennom forslaga til endringar frå styret.

Det var fleire kommentarar frå årsmøtet, men ingen forslag til andre endringar enn forslaga frå styret.

Ulf Stordalmo kommenterer problemet med brygga etter at både TTK og Nidaros roklubb mista retten til å bruka brygga der redningsselskapet held til. Styret orienterer om at det framleis er nødvendig å bruka tid på bryggesaka.

Til punktet: I perioden ønsker TTK å: Spørsmål frå Dag Wwnnberg om kva styret meiner med bærekraftig.. Styreleiar svarar at det handlar om økonomi, men også om at medlemmene må ta ansvar for aktivitetar. Styret kan ikkje ta alt ansvar, s seier han.

Mål for perioden: Fleire understreka at det er viktig å leggja til rette for å begrensa utstyrskravet og er glade for at det står i planen.

Spørsmål frå Håvard Dahlen om informasjon til medlemmene. Han seier informasjon kjem på mange ulike plattformer og ikkje alle får med seg alt. Han oppfordrar styret om å bestemma kva plattformer klubben skal bruka til informasjon til medlemmene.

Styreleiar svarar at styret har gjort vedtak om at alt skal på open plattform. Det er tkk.no eller isonen.

Kommentar til punktet om juniorgruppa. Fernando Perez Fernandez etterlyser kontakt mellom flattvannsgruppa og juniorgruppa. Øyvind svarar at styret ønsker tilrettelegging på tvers. Han foreslår at styret tar ønsket til etterretning.

Arne Røyset kommenterer at det står HMS her og der i planen. Han saknar tydelegare beskrivelse av kompetansekrav. Det er vakt formulert i HMS-planen, seier han, og det er vanskeleg for aktivitetssleiar å svara på om vedkommande kan leia tur i for eksempel ulike verforhold. Han ønskjer at klubben bør vera tydelegare enn padleforbundet om dette og trur dette høyrer heime i virksamhetsplanen utan at dette er formulert nå.

## **Årsmøtet vedtar forslaga frå styret til endringar i virksamhetsplanen. (sjå sakspapira)**

### **9. Innkomne forslag**

Klubbens kontakt med padleforbundet,

#### **a. Klubbens kontakt med padleforbundet**

Forslag frå Tor Eirik Sommernes: Klubben etablerer verv som ivaretar kommunikasjon med forbundet om alle relevante arrangement innan våre padledisipliner i inn- og utland.

Styret meiner eit eige verv ikkje er nødvendig. Greinsjef bør ivareta den kommunikasjonen.

Fire stemte for forslaget frå Sommernes, og forslaget falt.

#### **b. Kompensasjon til turleiarar.**

Forslag frå Leif Tore Anderssen, Trine Marie Larsen og Hilde Domaas:

1. Turledere kompenseres for kr 500 pr dag for turer utenfor Trondheim. Turledere legger ut for egne

kostnader og får refundert kr 500,- pr dag via registreringsskjema.

2. Deltakerne på turene må betale en påmeldingsavgift(fee) på kr 250 pr tur uavhengig av reise og

oppholdskostnader pr tur.

Trine Marie Larsen la fram forslaget. Ho grunngir det med at ho registrerer slitasje blant turleiarar og snakka spesielt om nybegynnarturar, særleg fordi det er høge forventningar til kva aktivitetssleiar må gjera, f.eks fra tilhengar. I tillegg har turleiarar utgifter på å vera turleiarar. Ho samanlikna også med turistforeningen som honorerer turleiarar og lar dei bu gratis på hyttene.

Forslaget førte til ordskifte på årsmøtet. Fleire lurte på kva utgiftene går ut på og var opptatt av at klubben blir driven av frivillig arbeid og dugnad der alle må stilla opp. Fleire på årsmøtet var bekymra for at deltakaravgift og honorar kan føra til at medlemmer «kjøper» seg tenester i staden for å bidra sjølv

Trine Marie Larsen svarar overnatting, køyra med tilhengar, slitasje på utstyr m.m.

Anja Diez frå styret svarar at det er ekstra tillegg for å dra hengar i tillegg til den faste kilometer-godtgjeringsa.

Jesper Friis meinte klubben må finna måtar å refundera konkrete utgifter turleiarane har, utan at det skal vera eit generelt honorar.

Thorleif Holm viste til styrediskusjon om dugnadskultur for å hindra at deltakarane får eit kundeforhold til klubben. Styret er bekymra for at dersom deltakarar betalar ei avgift, blir vel kundeforholdet forsterka.

Hans Helmer Sæternes: Det er eit vanskeleg forslag å ta stilling til. Merkeleg å sammenlikna med turistforeningen. Dei driv vel meir kommersielt enn det TKK gjer, sa han

Ulf Stordalmo er redd det skal bli ei betalt rolle å vera turleiar. Tradisjonelt har turleiar vore likestilt med turdeltakarane og meiner forslaget betyr ei endring.

Chris Thomas Skogli: Aktiviteten i klubben er på frivillig basis. Den einaste aktiviteten klubben tar betalt for, er kurs. Eventuelt mener han at påmeldingsavgifta må stå i forhold til kompensasjonen turleiaren får. Han spelar inn om dette også vil medføre honorering av andre som gjer ein innsats for klubben. Han meiner det er uklart om dette er lønn eller dekking av kostnader.

Arne Røyset: Dugnadsånda i klubben er grunnleggande. Det å ta med tilhengar må løysast med god nok kompensasjon for å dra tilhengar, sa han og la til at nybegynnartur er noko klubben treng. Det er ein kjerneaktivitet i klubben som er nødvendig for å sikra rekruttering. For han er det samtidig kjekt å delta på, men understrekar at ein nybegynnartur er viktigare enn mange andre turar for klubben. Difor foreslår han at styret arbeider vidare med kva turar som er så viktige at dei bør kompenseras.

Annina Margreth er fersk aktivitetsleiar og seier det ikkje er viktig for henne med økonomisk kompensasjon. Derimot saknar ho eit mentorprogram for ferske turleiarar slik at ho kan våga å ta meir ansvar.

Håvard Dahlen seier det er mykje arbeid å arrangera turar.

Trine Marie Larsen registrerer at det er vilje til kompensasjon. Glad for presisering av at det er forskjell på nybegynnartur og mange andre turar. Vil gjerne ha dugnad, men vil gjerne også at styret følger opp kompensasjon.

Styreleiar Chris Thomas Skogli formulerte dette forslaget til vedtak under møtet:

*«Årsmøtet vedtar at styret får i oppdrag å bestemme en fast kompensasjon for turledere i alle grener på turer utenfor Trondheim som kan defineres som nybegynnertur.*

*Påmeldingsavgiften settes basert på forventet kompensasjon, delt på forventet antall deltakere.»*

**Forslaget fekk fem stemmer og falt.**

På årsmøtet vart det sagt at det er ønskeleg at styret ser på kompensasjon for ulike arbeidsoppgåver. Dette vart ikkje stemt over.

## **10. Fastsette medlemskontingent og treningsavgift, eller gi fullmakt til å fastsette treningsavgifter**

Styret foreslår ingen endringar.

Årsmøtet vedtok ingen endringar.

## **11. Vedta budsjett for 2025**

Ingen kommentarar. Årsmøtet har vedtatt budsjettet som det ligg føre i sakspapira.

**12. Val av representantar til ting** og møter i dei organisasjonsledd TKK har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnevne representantane

Årsmøtet gir styret fullmakt til å organisera og velgja dei som skal representera klubben i ulike samanhenger.

## **13. Val**

### **a. Val av styre**

Trine Marie Larsen la fram valkomiteens innstilling:

Chris Thomas Skogli, Styreleiar, Ikkje på valg

Isabelle Sande, Nestleiar, 2 år

Monica Engan Døhl, Kasserer, 2 år

Øyvind Anda, Styremedlem, Ikkje på valg

Hans Helmer Sæternes, Styremedlem, 2 år

Ulf Stordalmo, Styremedlem, 2 år

Anja Diez, Varamedlem, 1 år

Annina Margreth, Varamedlem, 1 år

Einstemmig valgt med akklamasjon

**b.Val av grensjefar:**

Frode Vassenden Havsjef 1 år

Øyvind Bakksjø Elvesjef 1 år

Sofie Gradmann Polosjef 1 år

Fernando J.P. Fernandez Flattvannsjef 1 år

Audun Sletten Surfskisjef 1 år

Anders Foldvik Juniorsjef 1 år

Einstemmig valgt med akklamasjon

**c.Val av kontrollutvalg**

Christine Damgaard Valan Leder 1 år

Arne Røyset Medlem 1 år

Torunn Vist Varamedlem 1 år

Einstemmig valgt med akklamasjon

**d.Val av valgkomite:**

Jesper Friis Leder 1 år

Trine Marie Larsen Medlem 1 år

Grete Nergaard Medlem 1 år

Håvard Dahlen Varamedlem 1 år

Einstemmig valgt, også med applaus.

Møtet heva

Referent: Aagot Opheim

Dette dokumentet er signert av:

**TOR EIRIK SOMMERNES**

19.09.1968

Signert: 11.03.2026 18:30

Signert med BankID

**Fernando Perez Fernandez**

03.08.1974

Signert: 08.03.2026 22:11

Signert med BankID

Du kan bruke denne linken for å verifisere signaturen på dokumentet og sjekke at dokumentet ikke er endret etter at det ble signert: <https://brd.no/signing/validate>

